Gol kommune

Arkivsak-dok. 18/03630-29
Saksbehandler Sander Lilleslett

Saksgang
Formannskapet /Kommuneplanutvalet
Kommunestyret

# PLANPROGRAM FOR REVISJON KOMMUNEPLANENS AREALDEL

**Saka vert avgjort av:**
Kommunestyret

**Vedlegg:**
- Planprogram, revidert etter vedtak i formannskapet, datert 09.11.2018
- Mal for innspel, datert 09.11.2019
- Overordna føringar, datert 02.01.2019
- Alle innspel til planprogrammet er vedlagt. Innspel til kommuneplanens arealdel blir ikkje vurdert no.

Ta kontakt med Utbyggingsavdelinga eller sekretariatet dersom det skulle vere behov for innsyn i andre dokument, eller om noko er uklårt.

**Dokument i saka:**
1. Planprogram, revidert etter vedtak i formannskapet, datert 09.11.2018
2. Mal for innspel, datert 09.11.2018
3. Vedtak formannskapet, sak 44/18, forslag til planprogram, datert 08.11.2018
4. Utkast til planprogram, revidert etter vedtak i formannskapet, datert 09.11.2018
5. Overordna føringar, journalført 02.01.2019
6. E-post inn frå Allan Hjort Jørgensen om omsynssoner, datert 14.11.2018
7. Omsynssoner naturmiljø, datert 19.11.2018
8. Innspel til planprogram frå statlege og fylkeskommunale instansar
    a. Uttale til planprogram frå NVE, datert 10.12.2018
    b. Uttale til planprogram frå Direktoratet for mineralforvaltning, datert 19.12.2018
    c. Uttale til planprogram frå Bane NOR, datert 19.12.2018
    d. Uttale til planprogram frå Fylkesmannen i Buskerud, datert 21.12.2018
    e. Uttale til planprogram frå Buskerud Fylkeskommune, datert 02.01.2019
    f. Uttale til planprogram frå Mattilsynet, datert 24.01.2019
9. Innspel til planprogram frå private

   a. Innspel til planprogram frå Asle Berg Bråtalien, datert 08.12.2018
   b. Høyringsuttale frå Forum for natur og friluftsliv Buskerud, datert 26.12.2018
   c. Innspel til planprogram på Habbeset frå Atle Magne Strandos, datert 28.12.2018
   d. Uttale til planprogram frå Fortidsminneforeningen, datert 08.01.2019
10. Innspel til kommuneplanens arealdel (ikkje vurdert no)
    a. Innspel til KPA frå Allan Hjort Jørgensen, datert 04.12.2018
    b. Innspel til KPA frå Allan Hjort Jørgensen, , datert 19.12.2018
    c. Innspel til KPA frå HR Prosjekt for Golsfjell Fjellstue, datert 20.12.2018
    d. Innspel til KPA frå HR Prosjekt, datert 20.12.2018
    e. Innspel til KPA område Kamben frå Guttorm Frøysok, datert 27.12.2018
    f. Innspel til KPA på Vermefoss frå Reidar Viko, journalført 28.12.2018

**Saksopplysningar:**
Formannskapet som kommuneplanutval behandla planprogram for revisjon av kommuneplanens arealdel 08.11.2018 i sak 44/18. Dei gjorde slikt vedtak:

**Behandling**
Leiar UB-avdelinga, Hanne C. Nes og kommunalsjef Samfunn og utvikling, Svein Eide orienterte.
Roger Toppen (H) gjorde fylgjande framlegg:
«Siste setning 3.1 strykast».

**Votering**
Samrøystes.

**Vedtak**
Forslag til planprogram for revisjon av kommuneplanens arealdel blir saman med varsling om oppstart av sjølve kommuneplanens arealdel lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 11-13.

| | |
|---|---|
| Pkt. 3.1 | Siste setning strykast |
| Pkt.3.10 | Siste setning blir supplert med solcelle |
| Pkt.5.3.6 | Kriterier for innspel blir supplert med nye tema samfunnstryggleik og teknisk infrastruktur |

Planprogrammet låg ute til offentleg ettersyn i 6 veker, med frist for innspel den 29. desember 2018. Til planprogrammet har det i alt kome inn 6 uttaler frå statlege og fylkeskommunale instansar, og 4 uttaler frå private. Det har i tillegg kome inn 6 innspel til kommuneplanens arealdel. Innspela til arealdelen vil bli behandla som ein del av planprosessen, og vil ikkje bli behandla i dette saksframlegget til fastsetjing av planprogram.

Kvart innspel/uttale til planprogrammet er kommentert under kapittelet vurdering. Statlege og fylkeskommunale myndigheiter har ikkje motsegnsrett på fastsetjing av planprogrammet.

**Forhold til overordna plan:**
Prosessen mot ny kommuneplanens arealdel startar med planprogram. Planprogrammet har vore ute på offentleg ettersyn i 6 verker i perioden 17. november til 29. desember 2018.

**Miljøkonsekvensar:**
Jf. planprogram punkt 3.10, kapittel 6 og 7.

**Helse-/miljø og beredskapstilhøve:**
Jf. planprogrammet punkt 3.9. Det skal og utarbeidast ny ROS-analyse i planarbeidet, og innspel skal konsekvensutgreiast.

**Økonomiske konsekvensar:**
Ikkje relevant.

**Vurdering:**
Statlege og fylkeskommunale kommentarar og merknader:

| | |
|---|---|
| ***Fylkesmannen i Buskerud***, datert 20.12.2018 | |
| 1. Innspel som ikkje er i tråd med kommunens arealstrategi, viktige regionale føringar eller nasjonale interesser bør silast ut tidleg i prosessen. Innspel om nye byggeområde over tregrensa bør silast ut saman med viktige naturområde, friluftsområde, INON-område, myr- og våtmarksområde, byggeforbodssoner langs vassdrag m.m. Bra at dyrka og dyrkbar mark ikkje skal byggast på, men ber om at lista blir utvida med fleire konkrete interesseområde som skal ivaretakast. Nye hytter skal leggast til eksisterande område, framfor å opne for nye område. Kommunen bør vurdere om byggeområde som ikkje er tatt i bruk skal takast ut. | 1. Innspel i strid med strategi, føringar og nasjonale interesser vil truleg bli silt ut tidleg. Hytter skal i utgangspunktet leggast til eksisterande område. Å ta ut byggeområdet er truleg kontroversielt å ta med no. Kan kanskje ta med at dette må vurderast i neste kommuneplanprosess. |
| 2. Klimagassutslepp skal reduserast 40 % innan 2030. Transportbehov må difor reduserast og kollektivtransport, bruk av sykkel og gange må betrast. Nye byggeområde må vurderast ut frå dette. | 2. At klimagassutsleppa skal reduserast er med i planprogrammet. For å få ned klimautslepp må fleire busetje seg i sentrum. Dette er også forklart i planprogrammet. Kan vere aktuelt å utvide gang- og sykkelnettet utanfor sentrum (mot Robru og Svenkerud). |
| 3. Det må greiast ut korleis dei miljørettslege prinsippa i offentleg beslutningstaking i §§ 8-12 i naturmangfaldlova er vurdert og følgd opp. | 3. Ok |
| 4. Friluftsliv i nærmiljø bør prioriterast. Bør vere mindre enn 500 meter til allment tilgjengelege grønt/friluftsområde/stinettverk. Bør vurdere å utvide omsynssonene. Det å ta ut ubrukte utbyggingsområde kan argumentere for nye. Bør utarbeide eit arealregnskap for oversikt over eventuelt behov for nye område for bustad/hytter. | 4. Utanfor sentrum er det i stor grad kort veg til naturen. Ikkje alle plassar er like godt lagt til rette for friluftsliv osv. Utviding av omsynssoner vil bli vurdert i planprosessen. Nemnd i planprogrammet at bustadbygging fortrinnsvis skal skje i Gol tettstad, og fokus på fortetting og sentrumsnære bustader. Nye område for bustad tilhøyrer KPD og ikkje KP. Ein enkel |

| | |
|---|---|
| | arealrekneskap kan vere ein del av planbeskrivelsen. |
| 5. Handtering av overvatn. Kommunen må ha kapasitet til handtering av auka mengd nedbør. Ivaretake naturlege vassvegar og inkludere i grønstruktur. Auka kapasitet på vatn og avløp ved nye utbyggingsområde.<br><br>6. Tilrettelegging for bustader for alle.<br><br>7. Bør innarbeidast støyføresegn.<br><br>8. Kartlegging av barn sine bruk av areal og usikre gangvegar til skula.<br><br>9. ROS-analyse skal gjennomførast. | 5. Handtering av overvatn er ein naturleg del av KU. Auka nedbørsmengd størst risiko i KDP. Grønstruktur mest aktuelt i KDP. Auka kapasitet på vatn og avløp ved nye utbyggingsområde naturleg del av KU.<br><br>6. Mest aktuelt innanfor KDP.<br><br>7. Krav i veileder T-1442 vil bli ivareteke.<br><br>8. Kartlegging av barn sine av areal kan vere lurt. Usikre gangvegar mest aktuelt innanfor KDP.<br><br>9. Ok. |
| ***Buskerud Fylkeskommune***, datert 11.12.2018<br><br>1. Nasjonale og regionale føringar må leggast inn i planprogrammet. Det kan og vere hensiktsmessig å skildre i planprogrammet korleis dei ulike føringane kjem til nytte i planarbeidet.<br><br>2. Vurdere om ein skal ha med eller tilbakeføre urealiserte utbyggingsareal frå gjeldande kommuneplan som ikkje støtter desse strategiane.<br><br>3. Utarbeide arealrekneskap som viser arealreserver for bustad og næring. Nye utbyggingsområde bør sjåast saman med arealreserven og behova. Bør vurderast om det er behov for andre utgreiingar enn KU. For eksempel behov for ulike næringsareal, lokalisering av dette og korleis det kan bygge oppunder tettstaden Gol. Utgreiing av korleis grep i KP kan legge til rette for reiseliv og destinasjonsutvikling med varme senger.<br><br>4. Tilrår samla vurdering av planforslagets konsekvensar i tillegg til KU av føreslegne tiltak. Bør framkome av planprogram kva tema som inngår i KU. Ønskjer diverse tema i KU.<br><br>5. Ønskjer å synleggjere forhold mellom overordna planar, som KDP og KP. | <br><br>1. Oppramsa liste skal leggast inn. Å skildre korleis dei ulike føringane kjem til nytte i planarbeidet er meir naturleg å ta med i planbeskrivelsen enn i planprogrammet.<br><br>2. Truleg kontroversielt å ta med no. Kan kanskje ta med at dette må vurderast i neste kommuneplanprosess.<br><br>3. Det er lite bustadreserve utanfor Gol tettstad, då kommunen ønskjer at innbyggjarar skal busetje seg innanfor, og det er lite truleg at det blir lagt til rette for nye bustadområde utanfor sentrum. Det same med næringsareal, det er mest aktuelt for tettstaden. For hytter kan det vurderast om det må takast ein arealrekneskap for å sjå reserven av tomter. Mtp. tilrettelegging for reiseliv og destinasjonsutvikling er dette tydeleg lagt til rette for på Golsfjellet, og det skal leggast til rette for dette på Skagahøgdi. Fokuset på varme senger er her.<br><br>4. Kan vurderast med ein samla KU. Malen for innspel viser kva tema kommunen ser på som viktigast å belyse, og desse vil også danne grunnlaget for KU. Dei fleste tema i oppramsinga er delvis vist i mal for innspel.<br><br>5. Det er greitt skildra i programmet at KDP er mest aktuell for bustader og næringstomter. Det |

| | |
|---|---|
| | kan kanskje belysast betre i innleiinga eller liknande. |
| 6. Hensiktsmessig å sjå arealbruksmønster og arealutvikling i samanheng med folkehelseutfordringar i samfunnsdel. Dette kan vere med på å legge til rette for god utvikling på folkehelseområdet i kommunen. | 6. Det kjem eigen uttale frå folkehelsekoordinator. |
| 7. Vurdere tilgang til grøntområde og møteplassar for alle aldrar i grender/nærmiljø og kvar det er behov for tiltak. | 7. Tilgang til grøntområde i grendene er svært god. Kan vere aktuelt å engasjere grendelag/velforeiningar om kva meir som trengs. |
| 8. Bør vurdere fleire medverknadstiltak for folk som vanlegvis ikkje møter på folkemøte. Gjestebodsmodellen. Kan gjennomføre brei medverknad i samarbeid med skule. Barnetråkk. Kan tydeleggjere medverknad for barn/unge i framdriftsplan. Tilrår å ta utgp. i RPR og rundskriv når ein ser på korleis kommunen skal vurdere konsekvensar for barn og unge i planprosessen og inkluderer div. moment. Dette kan sjåast saman med innspel frå medverknad med barn og unge. | 8. Kommunen må vurdere kor langt dei er villige til å gå for å folk til å medverke til planprosessen. I tillegg til møte med ungdomsrådet kan kommunen også vurdere å ha møte på skulane. Fordelen med å møte ungdomsrådet er at ein får samla både ungdomsskula og vidaregåande, og det er lettare å ha dialog i møte med dei enn om ein skal ha møter med heile ungdomsskula eller vgs. Det er lettare å formidle korrekt informasjon til ein mindre folkemengde. Om ein kan få ungdomsrådet til å vidareformidle informasjon til og frå klassane sine ville dette vere ein kjempefordel. Konsekvensar for barn og unge er så vidt nemnd i mal for innspel, men kan truleg skildrast betre. Registrering av barnetråkk gjennom dialog med enten ungdomsrådet eller skule er ein god ide. |
| 9. Omsyn til mjuke trafikantar, særleg langs skulevegar. Samanhengande sykkel- og gangnett vil gjere de meir attraktivt å gå eller sykle. Maksimumsparkering for bil og minimumsparkering for sykkel. | 9. Mesteparten av aktuelle skulevegar for gåande og syklande er innanfor Gol tettstad. Godt samanhengande nettverk her. Likevel aktuelt å utvide (mot Svenkerud og Robru?). Bil- og sykkelparkering lite aktuelt utanfor Gol tettstad. |
| 10. Tilrår at KP tek høgde for at handel er lokalisert i Gol tettstad. Viser til regional areal- og transportplans retningsliner. | 10. Lokalisering av handel er som kjent tema i KDP. |
| 11. Bør vurdere behov for ulike typar næringsareal og sjå det saman med ABC-prinsippet. Vurdere arealstrategiar som legg til rette for varme senger rundt utvalde kjerneområde med tilrettelegging av aktivitetar. | 11. Golsfjellet er eit tydeleg kjerneområde for varme senger. Her finst mange aktivitetar. Alle fungerande overnattingsbedrifter utanfor Gol tettstad ligg på Golsfjellet. Skagahøgdi skal også bli eit kjerneområde for dette. Gol kommune har fram til no tvihaldt på kravet til utleige og næring hjå bedrifter, medan det er frislepp på krav til utleige i hytteområde. |

| | |
|---|---|
| 12. Legge friluftslivskartlegging til grunn i arbeidet og i KU. Forslag til byggeområde lokaliserast så omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald blir ivareteke. Bør kome fram korleis friluftsinteresser vil bli påverka av ulike tiltak. Omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser i 100-metersbelte langs vassdrag. Den europeiske landskapskonvensjonen. Landskapsomsyn bør ivaretakast.<br><br>13. Ber om at kommunen sikrar omsyna i regional plan for vannforvaltning. Påverknad på vassførekomstar bør vurderast.<br><br>14. Kommunen bør følgje opp retningslinjene for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing for å redusere klimagassutslepp.<br><br>15. Tilrår at freda kulturminne og verneverdige kulturminne og kulturmiljø blir avmerkt med omsynssoner. Gjer oppmerksam på forskjellige kulturminne. Ber kommunen vurdere Golreppen som omsynssone.<br><br>16. Tilrår å utarbeide KDP (temaplan) for kulturminne og kulturmiljø. | 12. Fortetting, balanse mellom utvikling og bevaring tek for så vidt utgangspunkt i omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald. Desse skal også skildras i malen til innspel.<br><br>13. Dette blir ein viktig del av KU (naturmiljø, landskap/kulturlandskap, friluftsliv).<br><br>14. Dette er nemnd i planprogrammet.<br><br>15. Kulturminne må sjølvsagt takast vare på, og bør inn i plankartet. Vurdering av Golreppen blir ein del av utgreiingane i planprosessen.<br><br>16. Kan sikkert vere ein ide. Buskerud fylkeskommune har sagt seg villige til å bidra. |
| ***Direktoratet for mineralforvaltning***, datert 18.12.2018<br><br>Tilrår at kommunen vurderer behovet for byggeråstoff til kommunens planar og om eksisterande uttak har nok ressursar for desse planane.<br><br>Bør vurdere å nytte omsynssoner for viktige mineralressursar for mogleg framtidig utviding av eksisterande uttak. | Blir vurdert gjennom planbeskrivelsen. |
| ***NVE***, datert 09.11.2018<br><br>Sidan planen kjem i kontakt med NVE sine saksområde, skal NVE ha planen tilsendt ved offentleg ettersyn.<br><br>Alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde må vera vedlagt. | Ny skredkartlegging er lagt inn. Kommunen har nyleg utarbeidd overordna ROS-analyse som dannar grunnlag for ny ROS-analyse i KP. |
| ***Bane NOR***, datert 14.12.2018<br><br>Jernbanen nesten ikkje omtalt i planprogrammet. Dette bør innarbeidast. | Jernbanen mest relevant for KDP, då det er der den stoppar. Gang- og sykkelvegar til jernbanestasjonen blir omfatta av KDP. Byggegrense etter jernbanelova er sjølvsagt. |

| | |
|---|---|
| Bør leggast vekt på samordna bustad, areal og transportplanlegging. | Nemnd i planprogrammet at bustader fortrinnsvis skal byggast i tettstaden. |
| ***Mattilsynet,*** datert 24.01.2019<br><br>Bør henvisast til drikkevannsforskriften § 26 om kommunens pliktar. Det bør og vurderast å vise til vannforskriften, då arealbruken i kommunen har betyding for vasskvaliteten i ulike vassførekomstar.<br><br>Under punkt 6.1 er det særs viktig at det blir vist til Nasjonale mål for vann og helse (2014).<br><br>Under punkt 6.2 manglar henvisning til «Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035».<br><br>Opplyser om krav til plangodkjenning av vassforsyning ved offentleg ettersyn av reguleringsplanar. Ofte uteblir søknader om plangodkjenning av vassforsyning til tross for at bygningar og annan infrastruktur blir bygd ut, noko som strider mot PBL § 27-1. | <br><br>Desse skal leggast inn. |

Private kommentarar og merknader:

| | |
|---|---|
| ***Atle Magne Strandos på vegne av Frode Bakken, Ingvald Haugen og Mikkel Helweg***, gbnr. 20/8, 20/7 og 20/9, datert 28.12.2018<br><br>Ynskjer følgjande tillegg til pkt. 3.10, 4. avsnitt:<br>[…] Innanfor Markagrensa er det ikkje tillate med ny utbygging utanfor dei områda som allereie er regulert. Denne sona vil vere naturleg å vidareføre. **TILLEGG: Unntak frå dette kan vere naturleg fortetting i eksisterande hyttefelt**. Det same gjeld for […].<br>Dette er eit framlegg til tilleggstekst, og kommunen kan finne ei utforming som ivaretek intensjonen i tillegget (fortetting). | <br><br><br><br>Kommunen er ikkje positiv til å fortette meir enn det som allereie er regulert innanfor markagrensa. Innanfor markagrensa skal det takast særleg omsyn til landskap, friluftsliv og bevaring av naturmiljø. Ny utbygging, sjølv om det er fortetting av eksisterande hytteområde, vil vere med og forringe hovudpoenget med markagrensa. |
| ***Asle Berg Bråtalien på vegne av Gol beitelag SA***, datert 08.12.2019<br><br>Planprogram vanskeleg å forstå med omsyn til kva som er premiss for prosessen og kva som er generell informasjon. Dersom ein plan (f.eks. beitebruksplan) er vedteke av kommunestyret bør den også vere premiss for arbeidet. Kapittel 3, 6 og 7 har ingen innleiing. Blir referert til «premiss» og «forhold til». Må vere klart kva | <br><br>Her ventar vi på ein landbruksfagleg vurdering.<br><br>Kan vere lurt å supplere med kva som er premiss og kva som er rettleiande.<br><br>Begge silingsprosessane vil bli gjennomført som ein del av fase 2 – utarbeide planframlegg, etter at fristen for innspel til planen er ute. |

| | |
|---|---|
| skilnaden er.<br><br>Silingsprosessen er vanskeleg å forstå mtp. når den skal skje, kven som gjennomfører den og korleis kriteria er.<br><br>Under punktet 5.3.6 er det lista opp dyrka og dyrkbar mark. Her burde beitemark også nemnast. | Det bør gå tydelegare fram kven som gjennomfører silingsprosessen. Dette er truleg administrasjonen eller konsulent som gjennomfører silingsprosessen. Konsekvensutgreiinga blir utført av konsulent.<br><br>Viktigheita av beitemark blir supplert under punkt 5.3.6. |
| ***Forum for natur og friluftsliv Buskerud***, datert 26.12.2018<br><br>Saknar korleis arealdelen skal sikre heilskapleg forvaltning av utmarksområde med omsyn til interesser knytt til naturmangfald, landskap, friluftsliv og landbruk. Ønskjer supplering med konkrete omsyn til desse tema.<br><br>1. Gjennom utarbeiding av KDP (temaplan?) for naturmangfald kan kommunen identifisere og ta omsyn til naturverdiar av både nasjonal, regional og lokal betydning, samstundes som det vil vere eit viktig bidrag til ein grundig interesseavveining for kommunens kommande arealplan.<br><br>2. Oppfordrar til å utarbeide grønnstrukturplanar som og viser langsiktige utbyggingsgrenser mot markaområda/fjellområda ved bruk av omsynssoner. Ein god start å nytte seg av kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde.<br><br>3. Planprogrammet opnar for nye utbyggingsområde. *Hytteutbygging bør unngås i viktige friluftslivsområder, sårbare landskap og regionalt viktige grøntdrag og i viktige kultur- og naturlandskap*.<br><br>4. *FNF Buskerud foreslår at kommende arealplan viser kommunens langsiktige og klare grenser mot områdene som ikke skal utbygges. […] Også nødvendig å se* | 1. Kan vurderast.<br><br>2. Det er gjort kartlegging av friluftsliv i 2016. Det er ein viss korrelasjon mellom verdien på friluftsområda og omsynssoner for omsyn friluftsliv/bevaring av naturmiljø. Det kan vere aktuelt å utvide/opprette nye omsynssoner. Dei svært viktige friluftsområda ligg for det meste innanfor omsynssoner (med unntak av enkelte område på Golsfjellet, Åsgardane, Tuppeskogen og Søråsen.<br><br>3. Som nemnd i planprogrammet ønskjer kommunen å satse på fortetting av eksisterande hytteområde, men utan å utelukke nye utbyggingsområde heilt. Eventuelle nye område må som nemnd konsekvensutgreiast. Det skal vere gode argument for å få bygge i nye område, men dette kan kanskje skildrast betre i planprogrammet.<br><br>4. Omsynssonene friluftsliv og markagrense dannar grenser for utbygging. Innanfor desse omsynssonene er berre utbygging av allereie godkjente reguleringsplanar tillate. |

| | |
|---|---|
| *utbyggingen i en større sammenheng, utover kommunegrensene og lage regionale planavklaringer.*<br><br>5. Informasjon om nasjonal ramme for vindkraft på land. Vindkraftutbygging på Gol vil føre til permanente og dramatiske inngrep. INON-område i Gol vil bli påverka av dette. Vindkraft kan potensielt utelukke primærnæringar og andre utmarksbaserte næringar. Mtp. Gol sin visjon om å vere ein av dei største turistdestinasjonane i landet er det viktig med større inngrepsfrie naturområde. | 5. Gol kommune har gjeve innspel til forslag til nasjonal ramme for vindkraft. Her er det nemnd at det aktuelle området i Gol er eit INON-område. I innspelet er og nemnd dyreliv, friluftsliv.<br><br>INON-område ikkje skal bli påverka. |
| ***Fortidsminneforeningen Buskerud avd. Hallingdal***, datert 07.91.2019<br><br>Fortidsminne og kulturminnevern er ikkje nemnd i planprogrammet. | Planprogrammet listar opp hovudtema- og utfordringar. Kulturminnevern skal sjølvsagt takast omsyn til. |

Innspel til kommuneplanens arealdel vil bli vurdert etter at fristen for innspel er ute 23. april. Så langt har følgande innspel kome inn:

- Allan Hjort Jørgensen på vegne av Per Jørgen Berget, Kamben, datert 04.12.2018
- Allan Hjort Jørgensen på vegne av Lars Slettemoen, Bualie, datert 04.12.2018
- HR Prosjekt på vegne av Knut Arne Svang, Golsfjell Fjellstue, datert 20.12.2018
- HR Prosjekt på vegne av Magni Solveig Lien, Bjørkum, datert 20.12.2018
- Guttorm Frøysok på vegne av Rita Monica Thomassen Seigerud, Kamben, datert 27.12.2018
- Reidar Viko, Vermefoss, datert 28.12.2018

**Konklusjon:**
Planprogrammet er godt gjennomarbeidd men kan supplerast med innleiing til dei forskjellige kapitla. Lista over statlege og regionale føringar må oppdaterast i samsvar med dei føringane som er gjeldande. Framdriftsplanen blir oppdatert med nokre små endringar. Planprogrammet blir elles justert i samsvar med innspela som har kome inn.

**Rådmannen si innstilling:**
Rådmannen ønskjer at planprogrammet bli endra og supplert slik:

I
Planprogrammet blir supplert med:

- Planprogrammet blir supplert med områdeavgrensing, og kva område som er omfatta av kommuneplanens arealdel. Det blir lagt til kart over gjeldande kommuneplan.
- Kapittel 3, 6 og 7 blir supplert med innleiing for å forstå kva kapitla handlar om.
- Kapittel 3.10 blir supplert med *Inngrepsfrie naturområde skal ikkje bli påverka av utbygging.*

- Kapittel 4. Utgreiingsbehov blir supplert med kven som utfører silingsprosessen og KU, og kven som vedtek dei.
- Kapittel 5.3.6 Innspel blir avsnittet Dyrka eller dyrkbar mark supplert med følgjande setning etter 1. setning:
    a. *Det er heller ikkje ønske om å ta beitemark i bruk som byggeområde.*
- Kapittel 6.1 Nasjonale føringar blir supplert med:
    - *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442), datert 2016*
    - *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, datert 20.09.1995, retta 29.06.2016*
    - *Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning, kunngjort 28.09.2018*
    - *Forskrift om vannforsyning og drikkevann, kunngjort 30.12.2016*
    - *Forskrift om rammer for vannforvaltningen, kunngjort 19.12.2006, retta 14.01.2019*
    - *Nasjonale mål for vann og helse, vedteke 22.05.2014*
- Kapittel 6.2 Regionale føringar blir supplert med:
    - *Regional plan for vannforvaltning i vannregion Vest-Viken 2016-2021, datert 02.11.2015*
    - *Regional plan for areal og transport i Buskerud 2018-2035, vedteke 14.-15. februar 2018*
- Framdriftsplan blir supplert med:
    - 29.12.2018 Frist for innspel *til planprogram*
    - *17.01.2019 Behandling av overordna føringar i kommuneplanutvalet*
    - *23.04.2019 Frist for innspel til sjølve planen*

II

Følgjande blir endra:

- Kapittel 5.3.6 Innspel blir overskrifta Dyrka eller dyrkbar mark endra til *Jordvern*
- Kapittel 5.4 Skjematisk framdrift blir oppdatert i samsvar med framdriftsplan

III

Følgjande blir fjerna:

- Kapittel 6.2 Regionale føringar blir følgjande fjerna:
    - Fylkesdelplan for handel, service og senterstruktur, datert oktober 2003
- Kapittel 7.3 Andre overordna planar – kommunale temaplanar blir følgjande fjerna då dei står dobbelt:
    - Risiko og sårbarhetsanalyse, 2017
    - Hovudplan for avløp og vassmiljø 2014-2023, vedteke 16.12.2014

IIII

Det delegerast til administrasjonen å supplere og endre planprogrammet.

Underskrift

22.01.2019

| | |
|---|---|
| Svein Eide<br>Kommunalsjef | Hege Mørk<br>Rådmann |